



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/146 - 19/14649


Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2019


Oversender vedtak om dispensasjon og frådeling av ny grunneigedom til klagevurdering - gbnr 137/23 Alver

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av 2 parsellar på ca. 24 670 m² frå gbnr. 137/23. Søknaden er ledd i arbeidet med å erverva areal til ny Alversund skule med tilhøyrande anlegg. Lindås kommune er kjøpar.

Situasjonsplan



Plankart



Planstatus



Eigedommen ligg i regulert område innfor det som i områdereguleringsplanen for Alversund dels er definert som område for offentleg eller privat tenesteyting BOP2 og BOP3, dels som grønstruktur G2 og G4, dels som LNF-føremål, dels som gang- og sykkelveg SGS2, SGS5 og SGS6, kollektivhaldeplass SKH og anna veggrunn SVT og SVG.

Del av området ligg innanfor faresone for ras- og skredfare (H310). Ein mindre del av den minste parsellen som skal frådelast vil berøra omsynssone bevaring kulturmiljø, H570_2. Dei automatisk freda kulturminna, # 6 og # 7, ligg innanfor denne parsellen.

Tiltaket krev dispensasjon frå føresegn 2.1.1, som gjeld krav om detaljregulering av område BOP2.

Sakshandsaming

Det vart gitt dispensasjon og løyve til frådeling av parsellen i administrativt vedtak saknr. 260/19 datert 10.05.2019.

Søknaden har ikkje vore send på høyring til regionale styresmakter. Vedtaket vert send over til Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 56 40.

[Lenke til saksdokumenta](#)

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Håkon Nesheim
Lindås kommune ved

Nedre Alver 15 5911
Felles postmottak 5914

ALVERSUND
ISDALSTØ

Kopi til:

eigedomsavdelinga
Magne Fosse
Ole Westervik Vetås

Kvernhusmyrane 20
Alverflaten 254 5911
Ådlandsvegen 309 5919

ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Njøsavegen 2 6863
Postboks 7900 5020

LEIKANGER
BERGEN